

Møte Vikebygd Grendeutval

Dato: 19.01.2026

Stad: Hjø Gunn

Deltakarar: Gunn Vikingstad, Vendel-Agathe Skartland-Hide, Gunnar Birkeland, Gudvin Hetland, Anna Elisabeth Langhelle.

Saksliste:

1. Godkjenning av referat
2. Godkjenning av saksliste
3. Styremøte SØK-stiftinga 17.02.2026 – presentasjon av bygda
4. Årsmøtet 2026
5. Totalberedskapsåret 2026
6. Bygdedugnad skule/barnehage
7. SØK-tildeling 2026
8. Brønnøysund – endringar i regelverk
9. Eventuelt/andre saker

Sak	Drøfting	Avgjerd/ansvar
Godkjenning av referat		Godkjent
Godkjenning av saksliste		Godkjent
Styremøte SØK-stiftinga 17.02.2026	Gunn er komen inn i styret i SØK-stiftinga, erstattar Rune Hetland.	Møte i Vikebygd 17.02.2026 klokka 17.

<p>– presentasjon av bygda</p>	<p>Forslag om omreisande møter for å bli kjent i bygdene som er med. Vikebygd er fyrst ut, bygdahuset er booka måndag 17. februar klokka 17.</p> <p>Grendautvalet er utfordra til å presentere bygda, éin time til disposisjon. Ordinært styremøte etterpå.</p> <p>Kva rører seg i bygda?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idrettslaget: Vikeputten i april, Kvamsåsen rundt gjenoppstarta, faste treningar i gymsalen: eldretrim, styrketrening og volleyball, fotball i Kjekt-i-Vik-hallen. O-gruppe samansleie med andre bygder. • Vikestølsmarsjen i september. Ny fleirbruksbane med volleyball- og tennisnett. Andre får også moglegheit til å bruke hallen. • Bygdahuset: revy, bondepub, romjulspub, bobiltreff to gongar i året. Det har vore mykje vedlikehald – nytt inngangsparti, nye toalett, ein del vindauge som er bytta ut (planar om å bytte fleire). • Fellesmiddagar rundt grillhytta. • Speidaren • Julemesse som trekkjer mange folk frå andre bygder. Minikonsert, middag, aktivitetar for barn, utstillarar frå fleire bygder. • Vikebuen • Bedehus: mat og prat • Kyrkja: felles sokneråd, konsertar gjennom året. • Generelt dugnadar rundt om i bygda (17. mai) 	<p>Gunn presenterer bygda. Gjerne send inn bilete frå bygda, til Gunn.</p>
--------------------------------	---	--

	<p>Viktige prosjekt og aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dommarsnes <p>Utfordringar og moglegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vikestølshytta forfell. Kva er det vi treng hytta til? Overnattingshytte/dagsturhytte? • Barnetalet går ned. Gjer aktivitetar vanskelegare å drive. Skulen heng i ein tynn tråd. • Stort potensiale i dagsturisme og nærturisme. • Lage ein stad for ungdommar å møtast? Sommarkafé driven av ungdommar? <p>Rydding og servering</p>	<p>Gunn fiksar noko mat.</p>
<p>Årsmøtet 2026</p>	<p>Valkomiteen: Vilde Tindeland, Vegard Skartland-Hide og Jon Magne Svendsbøe.</p> <p>På val:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leiar • Styremedlem x2 • Varamedlem • Valkomité x2 • Revisor 	<p>Årsmøte 12.03.2026 klokka 19:30.</p> <p>Gunn sender oppdraget vidare til valkomiteen, og heng opp plakaten med informasjon der bygdefolket kan sende inn saker. Tek kontakt med ynskja møteleiar, og lagar eit utkast til årsmelding. Anna sender rekneskapet til revisorane. Vendel-Agathe samordnar årsmøtedokumentet i malen.</p>
<p>Totalberedskapsåret 2026</p>	<p>Forslag: invitere til møte på Bygdahuset der dette blir drøfta, og bygdefolket får kome med idéar. Lage eit skriftleg planverk?</p> <p>Skulle ha fått ei oversikt over dei som kan trenge ekstra hjelp i tilfelle ei krise, korleis kan vi kople saman folket?</p>	<p>Tek det med oss vidare.</p>

	Lage ein lapp på norsk, engelsk ++ om kva ein burde ha i heimen i tilfelle ei krise.	
Bygdedugnad skule/barnehage	Ta to dagar i løpet av våren med dugnad. Lage ei liste med det som trengst å gjere, og så kan folk melde seg på. Koordinerast med FAU?	Gunn tek det vidare.
SØK-tildeling 2026	Har fått inn pengane frå SØK-midlane på konto.	Grendeutvalet ser på det vidare.
Brønnøysund – endringar i regelverk	Nestleiar skal ikkje lenger registrerast i føretaksregistret.	
Eventuelt/andre saker	Det har kome inn ut-på-tur-pengar på konto, 5000 kr. Treng nokon som tek ansvar for ut-på-tur.	